



Foto: Otto W. Eriksen

# Finsland kyrkje

## 200 år

1803–2003

---

Finsland 2003

Trykk: Edgar Høgfeldt A.s 2003

Utgjeven av Finsland sokneråd

Finsland sokneråd seier hjarteleg takk til jubileumsbokkomiteen  
for stor innsats i arbeidet med denne boka.

Takk til alle som har hjelpt til med å få ho utgjeven.

Digital utgivelse - 2023

ISBN 978-82-303-5541-1

# Innhold

<b>Føreord</b>	7
<b>«Kirken vår» og «Sagn om Finslann kjørke»</b>	8
<b>Helsing frå Agder biskop</b>	10
<b>Helsing frå soknepresten</b>	11
<b>Gamle kyrkjer</b>	12
<b>Nåverande kyrkje</b>	16
<b>Interiøret</b>	20
<b>Døypefonten</b>	22
<b>Sakristi</b>	24
<b>Stoldeling i kyrkja</b>	27
<b>Gåver til kyrkja</b>	29
<b>Sang og musikk i kyrkja</b>	32
<b>Kyrkjegården</b>	35
<b>Legfolk: Klokkarane / organister / kyrkjetenarar / gravarar</b>	39
<b>Kyrkjetilsyn / sokneråd</b>	42
<b>Glimt frå soknerådsprotokollen</b>	43
<b>Bjelland prestegjeld går i oppløysning</b>	45
<b>Biskop Sørensen</b>	45
<b>Omkring Finsland kirke</b>	50
<b>Utsmykningen i Finsland kirke</b>	54
<b>Prester i Finsland</b>	72
<b>Intervju med Gunnar S. Follerås</b>	92
<b>Intervju med Torgeir Utsogn</b>	94
<b>Pilegrimen</b>	98
<b>Finsland - mi heimbygd</b>	102

# Føreord

Finsland sokneråd sette hausten 2000 ned ein komite til å førebu eit jubileumsskrift til 200 årsjubileet i 2003.

Desse blei valde: Anna Øvland Follerås, Torstein Follerås, Svein Harald Follerås, Arnulf Frigstad og Vegar Jørgensen.

Vi vonar bygdefolk og andre med tilknyting til bygda vil ta vel i mot boka.

Samling av stoff, bilete og skrivearbeidet er gjort utan løn, av amatørar, gjort etter beste evne.

Ein del av stoffet har vi frå bygdesoga, der ein òg finn meir utfyllande materiale enn vi har teke plass til. Vi har òg hatt god hjelpe av stoff frå gamle protokollar, kyrkjelydsblad, jubileumsskrift frå Greipstad og muntlege kjeldar. Takk til bygdefolk som har hatt biletet vi har fått låne.

Særskilt glade er vi for at Elen Bente Syverstad har laga ein flott artikkel om "utsmykningen i Finsland kirke".

Soga om Finsland kyrkje, før og nå, er skriven av Torstein Follerås. Artikkelen "Omkring Finsland kyrkje" er skriven av Svein Harald Follerås. Anna Øvland Follerås har intervjuat både Gunnar S. Follerås og Torgeir Utsogn, og har hatt mange biletet liggende. Vegar Jørgensen har skrive soga om prestane og om "Pilegrimen".

Takk til alle som har gitt økonomisk stønad til boka. Likeeins takk til Edgar Høgfeldts trykkeri for gode råd og godt samarbeid om oppsett og trykking.

Vi vonar denne boka vil vera med å binde bygdefolk saman i respekt og kjærleik til kyrkja vår, og røtene bakover i tida. Måtte Finsland kyrkje òg i komande år ha ein stor plass i hjarta våre.

*Anna Øvland Follerås, Torstein Follerås, Svein Harald Follerås,  
Arnulf Frigstad, Vegar Jørgensen.*

# Finsland – mi heimbygd

Av Johan Stomnås

Finsland, mi heimbygd, du er meg så kjær  
gildaste bygda på jord.  
Ingenstad er det så fredsamt som der,  
fredsamt heime hos mor.  
Aldri eg gløymer mi heimbygd så gild,  
alltid ho møter meg glad med sitt smil.  
Finsland, mi heimbygd, eg elskar deg vil,  
elska som barnet si mor.

Minne så gilde meg møter så tidt,  
minne frå barndommens år.  
Der mine fedrar har streva og stridt,  
oste i trongaste kår.  
Finsland, mi heimbygd, der trivst eg så godt.  
Stova der heime er slett ikkje flott,  
likevel er ho mitt barndommens slott,  
minner om livsdagens vår.

Snostormens jag over hei, over tjern,  
trugar den fredsamma gard.  
Heimen ligg trygg, han har skogen til vern,  
sigrar i striden så hard.  
Snart skin det sol over snokvite fjell,  
kveldsola logar i skyer som eld.  
Bygda, ho sov under vinterens feld,  
ligg der så frosen og hard.

Vårdagen kjem så med gaukens koko,  
lauvet, det spretter i lid.  
Blomane blomer, og graset vil gro,  
ja, det er sumarens tid.  
Glitrande bekker og speilblanke vann,  
alt med si dåring set hjarta i brann.  
Hugtatt eg står, så mest gråta eg kann,  
tenkjar på heimbygda mi.

Kyrkja, ho kallar til høgtid og fred,  
traust ho på kollen sin står.  
Gud sender signing frå himmelen ned,  
gjorde det år etter år.  
Gud, du må verna mi heimbygd så god,  
sign dei som strever og strider der no.  
Finsland, mi heimbygd, så gild og så god,  
sign ho i komande år!



Foto: Otto W. Eriksen

# Kirken vår

Av Borghild Finsland.

Der ligger en hvitmalt kirke  
så fredfullt blant bjerketraer,  
og over vårt daglige virke  
den hilser oss: Gud er nær !

Det er ingen dom av de store,  
og ingen stolt katedral,  
men byggverket fedrene gjorde,  
med høgtid vi minnes skal.

Slik stod den opp gjennom tiden,  
et gudshus i enkle kår.  
De eldste som levde her siden,  
har vanket her år etter år.

Først bragte de barnet , det lille,  
og la det i mesterens favn.  
Som ung det knelte så stille,  
ga løftet på ny i Hans navn.

Og barnet dro ut i verden  
på livets skiftende reis.  
Men kirken fulgte den ferden  
og møtte opp underveis.

I alt hva livet enn bringer  
av gleder, og sorger iblant,  
høgtidsfullt klokkene ringer  
når vegen til kirken vi fant.

Og enn skal klokkene kalle  
til høgtid, til alvor og fest.  
Og nåden, den bydes oss alle  
til hver en knelende gjest.

Takk Herre for alle de gamle  
der sover i jordens favn !  
De gav oss et hus som kan samle  
oss alle, vi priser Ditt navn.

# Sagn om Finslann kjørke

Etter Storaker og Fuglestvedt, fritt omsett

Kong Ola sku bygga dennæ kjørkå på noa få dæ. Greidde han inkje dæ, sku han missa live.  
Då kom dæ et troll te 'an å bau sæg te å byggja kjørkå faeri te fastsett ti, men så sku Ola enten jissa namne hans, hell je 'an sol å måne, hell sitt eie hove.  
Dæ jekk Ola mæ på, å arbeie jekk fort frå hånn.  
Ola totte sønn i sol å måne, å hove sitt ville han nauí missa,  
men han visste helle ikkje koss 'an sku fåvida namne te trolle.  
Kvellen før kjørkå sku vera faeri, jekk han ud å kom te et fjell, og dærinne haur 'an ei mor sång for båne sitt:  
Tei, tei tullen menu  
imorå kjem Finn  
far denn  
enten mæ hove te Ola  
hell mæ månen å sola.

Dænn som blei gla, va Ola. Daen ette, just då trolle lac saiste hånn på verke,  
jekk Ola bårt mod kjørka å robte te trolle: "Nå lie du Finn!"  
Trolle datt daue om, mæ sama namne hans blei nemt.  
Kjørkå fekk siå namne Finnslann kjørke.

## FINSLAND KYRKJE 200 ÅR

# Helsing frå Agder biskop



Det er ei stor glede å gratulere Finsland med sitt kyrkjejubileum. Det er ei viktig hending både for kyrkjelyden og heile lokalsamfunnet.

Vi reknar ofte kyrkjebygget i bygda som noe sjølvsagt. Eit hus som berre ligg der, rett og slett. Og difor tenker ein ikkje så ofte etter kva dette bygget faktisk representerer: Her feires gudstenester år ut og år inn. Her vert dei små døypte. Her kneler konfirmantane ned. Framfor altaret gjev dei unge sitt ja til kvarandre. Og sist men ikkje minst: Kyrkja er staden for mang ei tung stund ved den kvite båra.

Slik er kyrkja eit hus for gråt og glede. Kyrkja tek heile livet i famn.

Kyrkjejubileet i Finsland gjev eit godt høve til å stanse i ettertanke og takksemnd for den verdi bygda eig i kyrkja si. Berre det at huset ligg der, er ei stille påminning om at livet er meir enn brød og klede.

Eg ser fram til å feire jubileumsgudsteneste saman med kyrkjelyden den 1.juni 2003. Det er mi bøn og mi von at jubileet både kan rette blikket bakover i takk og framover i tru og visse om at Gud framleis – ved Den Heilage Ande – vil skape liv og vokster i kyrkjelyden.

*Olav Skjenesland  
Biskop i Agder.*

## HELSING TIL JUBILEUMSBOKA FOR KYRKJEJUBILEET I FINSLAND ÅR 2003

# Helsing frå soknepresten



Som sokneprest i Søgne prestegjeld året 2003 er det ei stor glede for meg å helse kyrkjelyden i Finsland sokn og gratulere med 200-årsjubileet for Finsland kyrkje.

For meg som prest har det alltid vore og er framleis høgtid og fest når eg kan halde gudsteneste i denne fagre kyrkja med ein trufast og aktiv kyrkjelyd med så mange gode medarbeidarar rundt meg.

Eg tenkte at for 200 år sidan, i 1803, då kyrkja her stod ferdig, då var det den tida Hans Nilsen Hauge fór land og strand rundt i Noreg og vekte folk til fornyna kristentru og dessutan sette i gang nyttig verksemd av ulike slag. Eg har ikkje høyrd at Hauge nokon gong kom til Finsland og vitja folket her, men eg vil meine at den gudstrua og dei gode fylgjene dette fekk på dei stader der han kom, det har i høg grad sett sitt merke på kyrkjelyden i Finsland. Ein kan berre nemne at i dei seinaste åra er det også blitt reist eit framfrå bedehusbygg, og det er eit særskilt godt og nært samvirke mellom kyrkje og bedehus i dag. Så tilhøva i Finsland kyrkjelyd kan stå som eit forbilete for alle kyrkjelydane i Agder.

I samband med jubileet vil eg helse kyrkjelyden med nokre ord frå Salme 100 i Det gamle testamentet:

"Ten Herren med glede, kom fram for han med fagnad. Gå gjennom hans portar med takkesong, inn i hans tempelgardar med lovsong. Lov og pris hans namn".

Å koma inn i det vakre gudshuset i Finsland i 2003 gjev grunn til takk og lovsong.

Til lukke med jubileumsfeiring og Guds rike signing over tida som ligg framfor.

*Søgne, 4. november 2002,  
Helge Høyland, sokneprest*

## Gamle kyrkjer

Det meste av opplysningane er henta frå Finsland Bygdesoge

Truleg har det vore kyrkje i Finsland frå katolsk tid.

Både Bjelland og Laudal kyrkjer er nemnde i 1428, men om Finsland veit ein ikkje noko visst før 1626.

«Grågås» er eit skrift som mellom anna gir opplysningar om kyrkja sine eigedomar innan Stavanger bispedøme, og mellom opplysningane finst det ei liste over *inventarium og ornamenter i Finsarland kirkja*, 2det annex til Bjelland.

Der er oppført :

1 salvkalk og disk (17 lodd) 2 alterduge og 1 klud om kalken, 1 (messe)hagel av rødt silketøy og 1 messeserk, 1 messing lysestage med 2 piber, 2 store lysestager til vokslys, 1 alterbog 1 salmebog, 1 glasflaske, 1 brød-(uleselig) 1 skab i alteret med lås for 1 legte, 1 timeglas, 1 klokke, 1 puntsekjel, 1 tjærkjel og 1 minne gammel kjel, 1 liden kiste, 2 stiger, 1 øks, 2 spader og 2 skuffer.

Det er ingen opplysninger om storleik, alder eller byggemåte, men i 1711 har gamlekyrkja fått eit tilbygg av tømmer. Det var presten Søren Sørensen Schive som sto for dette arbeidet, som fullmektig for far sin.

Om arbeidet står det m.a. *den gamle og nye kirkes sammenføielse med bord at beklæde så den bliver tøt for snefog og regn*. I samband med dette arbeidet er brukt uttrykket *stavene at forbinde*, og dette tyder på at gamlekyrkja då har vore ei stavkyrkje.

Det gamle pulpituret (galleriet) blei reve, og nytt sett opp på dreia soyler med smukt panel. Det blei og bygt våpenhus.

I ei inventarliste frå denne tida er det mellom anna nemnt at det var eit kobberbekken til døypefonten. Det går elles fram at kyrkja var tekt med stein, (!) og at det var oppsatt ny kirkegård. Det må tyde borg eller mur kring kyrke-gården. Det var ei plikt for bondene å halde kyrkja vedlike og å halde hegnet om gravplassen.

Kostnaden med denne ombygginga var i alt 316 riksdaler. Dette utgjorde om lag 20 gonger dei årlege kostnadene, og summen blei delt på gardane etter størrelse. Men almuen hadde godhug for kyrkja, og kom med gåver.

Ånen Torsen Finsland og kona kom med physj til ny messehagel. Det blei betalt 10 dalar berre for å sy han. Det var like mykje som kostnaden med å reise våpenhuset, så den må ha vore litt av eit kunstverk.

Den, som så mangt anna gammalt, er borste. Synd at ingen hadde sans for å ta vare på slike ting sukkar forfattaren av Sogeboka.

Dei rekna nok med å sleppa billeg frå vedlikehald og kostnader på kyrkja ei god tid framover.

Men nei.-

Dei hadde tufta for dårleg, hjørnesteinane seig ujamnt og bygningsdelene glei frå kvarandre og blei skakke og skeive. Dei laut til med bygningene at opveie og med dyktig grunnvold at forsyne.

Det lukkast nå bare så måteleg då og.

Det går ikkje tydeleg fram kva tid dette arbeidet blei gjort, men kan hende var det i samband med «kyrkjekjøpet» i 1725.

I 1725 fekk Rasmus Vatneli, Ola Tommassen Leipsland, Ole Espeland og Knud Nilssen Lauvslund skjøte på kyrkja.

Kong Fredrik den 4 var i pengeknipe, og selde kyrkjer og krongods på auksjon.

Sjølv om det var almuen som alle dagar hadde reist kyrkjene og halde dei vedlike måtte dei nå kjøpe dei tilbake for å få hand om dei.


Alle 4 kyrkjene i Bjelland prestegjeld (Bjelland, Grindheim, Åseral og Finsland) blei seld under eitt for 180 riksdaler.

Det ser ut til at altertavla kom på denne tida. Om dette står det slik:  
*Udi denne kirke var ingen altertavle og heller aldri været, men stod meget slett og ganske elendig. Er derfor nu i dette åremål gjort en smuk, ny altertavle med nadverden og de 12 apostle og himmelfarten, meget sirlig overstrøgen med olje og farve og stofset med guld, hvilket har kostet omrent 16 r.daler, men da kirkens indkomster var ringe er ikke tatt mer end 8 r.daler. Resten er foræret av sognepresten. (Søren Sørensen Schive). Takk skal han ha!*

Etter kvart blei dei leie av å rette opp og stelle på kyrkja, så dei reiv henne i 1749.

På tinget 17. november møtte Povel Johnsen Frigstad og Lars Carlsen Skålenes og vitna slik om kyrkja:

*Den har alt fra den tid den blev kjøpt av Hans Kongelige Majestet alltid været og fremdeles er fattig fremfor andre kirker. Den eier intet jordegods. Kirken er nu så forfallen at den må rives i bund og grund, hvilket i dette år er skeet, og igjen begynt,*



Denne kyrkjebøssa er fra 1743 og noko av det eldste vi har i kyrkja.



Noverande altartavle. Om ikkje denne er den opprinnelege, så er i alle fall motivet det same som vert nemnt på 1700 -talet.

istandbrakt, har jeg ikke kunnet nægte at mottage almuen hoslagte tingsvitne og andragende til mig, hvilket alt medfører sandhed, thi vedlegger jeg min allernådigst bøn for Dem at Deres Kongelige Majestet af særdeles høykongelig mildhed og nåde vil lade denne nedreune kirkes istandsettelse allernådigst bevilge almuen til hjelp av hver hovedkirke i Christianssands stift to slette daler eller etter allernådigste behag 12 dale, og av hver annekskirke halvt så meget for hvilken forventede kongelige nåde den fattige almue stedse vil velsigne Deres Kongelige Majestet, og jeg vilde og i pliktskyldigst takknemmelighed forblive til min død i dybeste devosian Deres Kongelige Majestets aller underdanigste, troe og pliktskyldigste tiener.

Kristiansand 3 desember 1750.  
Jens Stoud, Justitsråd, Amtmann m.v.

Men bispen skulle og ha eit ord med i laget. Der var ingen velvilje. Han fann nemlig ei visitasmelding i sitt arkiv. Prosten Micael Tyrholm hadde i 1748 hatt prostavisitas her.

*ved pengelån, såvidt alt opbygget at taget er pålagt, men kan ikke bli fullført med mindre Hans Kongelige Majestet allernådigst ville bevilge en hjelpepenge fra de øvrige kirker i stiftet til denne arme kirkes istandsettelse.*

*Dei seier vidare at sognefolket er så fattige at de fleste neppe klarer sine skatter.*

Med dette vitnemålet gjekk så kyrkjevergane til amtmannen og bad om hjelp og stønad.

Han var snill og velvillig, og skrev slik tilråding:

*Stormektige allernådigste arvekonge og herre.*

*Formedelst den fattige tilstand som finnes ved Finsland annekskirke i Mandals amt hvilken eldgamle kirke nu nødvendigvis må nedrives og formedels sin store gjeld og det lidet sogns almues ringe vilkår, ingenlunde kan bli*

Der gav han uttrykk for at kyrkja var i god stand. Dette samstava ikkje med tingsvitna, og laut bli nærmere forklåra.

Prosten gav då fråsegn i 4 punkter:

1. Ingen hadde klaga på kyrkja, og han som inspektør for kyrkjevedlikehaldet kunne ikkje sjå at ho trong bli reeve ned.
2. Eigarane hadde på eiga hand reeve kyrkja og no mest bygd opp ny. Dei var etter skjøta og lov og forordningar pliktige til å fullføra bygget.
3. Bygda har skog nok til bygginga.
4. *Andre kirkeeiere måtte av sådan collectisudvirkelse tage anledning til at forsømme deres kirkers vedlikeholdelse og sege ligesom disse stiftets kirker om sådan hjelp uden høiest trengende fornødenhet.*

Biskopen kunne ikkje anna enn tru den ærverdige prosten. Han legg til at mest alle kyrkjene i stiftet er fattige og har nok med å oppfylle sine plikter etter skjøta. Han ber derfor om at stiftets andre kyrkjer må bli spart for oppmoding om å yte hjelp til eit nytt kyrkjebygg i Finsland.

Etter dette var det naturleg å rekne med avslag.

Men kyrkja blei no fullført likevel.

Altertavla, preikestolen og kyrkjemlokka var dei same. Klokka var ny i 1741 eller 42, men i 1768 sprakk ho og laut støypast om att. Ein ser innskrifta:

*Omstøbt i hr. pastor Søren Schives tid av Jacob Rendler, Christianssand anno 1769. Soli Deo Gloria.*

Det er «Einast Gud har æra»

Nå heldt kyrkjemlokka i over 200 år, men i 1978 hadde ho fått ein ny sprekk, og klangen var ikkje som før, så ho blei sendt til reparasjon ved Nauens klokkestøperi i Tønsberg.

Tårnspiret fekk ein vindfløy med årstal 1751. Det var smeden Willom Tønnesland sitt arbeid.

Rasmus Olsen Kleveland var kyrkjeverge. Av rekneskapen hans går det fram at Knud Anderson Eftestad var byggmeister, Tyge Folldal, Ole Espeland, Pål og Anders Frigstad var med på arbeidet, Torstein Bjørndalen stod for tårnbygginga, og Willom Tønnesland fekk for smedarbeid 10 dagar a 1 ort og 12 skilling som omrekna er kr. 1,25

Dei to-årlege inntektene var 43 riksdaler. Det gjekk til vanleg med til faste utlegg, brød, vin o. a.

Kyrkja fekk no 98 dalar 3 ort og 4 skilling i skuld. Denne sleit dei med i lang tid framover. Dei hadde som før nemnt ikkje fått hjelp som vanleg var, med 1 spesidalar frå hovudkyrkjene og 1/2 dalar frå annekskyrkjene.

Men Finsland laut hjelpa andre.

Så langt attende i tida som arkivbøker og brev går, hadde Bjelland prestebol eller Finsland kyrkje 1 hud skogsgrunn på Finsland. Fyrst i slutten av 1800-åra blei den innløyst av bøndene på Finsland.

7. oktober 1789 blei det etter krav frå Mandalspresten Janus Chlaudius Schielven halde auksjon over trelast i «prestegardsskogen». Det var 8 tylvter hustømmer og 8 tylvter sagtømmer som skulle seljast. Det var taksert i 36 og 5 riksdaler.

Sommund Sørensen Finsland fekk tilslaga for vel 46 riksdaler.

Etter «det høikongelige danske canselli»'s resolusjon av 5/7 1788 skulle salssummen gå til hr. Schielven som vederlag for at han hadde kosta i stand prestegarden Wiig.

Den hjelp som Finsland vart pålagd å yte svara til verdet av 8-9 kyr.

Det er vanskeleg å finna noko samsvar mellom dette påleggat og nektinga av tilskot til Finsland kyrkje omlag 40 år tidlegare. Ein må tru at bygdefolks «underdanighet» var for lita då dei reiv ned kyrkja og bygde ny utan å spørje øvrigheta om lov. Slik sjølvstyre i bygdene passa nok ikkje for prost og bisp.

I alle høve vart det nytta ein annan framgangsmåte då kyrkjereising på ny blei aktuelt, seier sogebokforfattaren.

## Nåverande kyrkje

### Framleis frå Finsland Bygdesoge:

Ved inngangen til det 19. hundreåret fann kyrkjelyden at det var så store veiler med kyrkja frå 1751 at ho laut rivast. Dette synest vera rart, men for skuld dei ujamne grunnforhold hadde både huset og tårnet vorte skakke og skeive til nordsida. Dei økonomiske tilhøva hadde betra seg, så folk hadde fått meir mot, og var meir romfrege.

Dessutan heiter det i kongelig forordning frå 1735 at *alle under straffeansvar skal møde til gudstjeneste hver prekesøndag*.

Etter folketalet i bygda var det berre halvparten av dei vaksne som fekk plass i Gamlekyrkja

Like over nyttår 1802 må det ha vore eit almannamøte om saka, og dermed var fyrste steget tatt. 12 av dei fremste mennene i sokna sende så 7. februar 1802 denne søknaden til biskop Hansen:

### Høiærede og høiærdige hr. biskop.

Da deres høiærdighed var på Bjelland prestegård den 13. August 1799 og holdt visitas, da var nogle mænd af Finsland hos Dem og gav tilkjende at Finsland Kirke var noget brøtfeldig så at den ikke lenge kunde stå førend den enten måtte bygges av nye eller settes i stand. Siden den tid haver her indtruffet så dyre og besværlige

årringer, at almuen som eier kirken, ikke haver seet sig istrand til enten at bygge ny kirke, eller at sette den gamle i stand. Forgangen høst var Finsland sogns almue forsamlede for at bese kirkens brøtfeldighed og etter de flestes stemme at avgjøre enten de skulle bygge ny kirke eller skulle sette den gamle i god stand. Da befantes coret, Kirken og tårnet at være sterkt, både veggesal, bindingsverk, kledning og innvendige innretning, thi her er kun omtrent 50 år siden kirken og tårnet ble bygd nye av god materiale. Men kirken er noget lidet og trang for almuen, og hendes brøtfeldighet består derudi at kirkegrunden er blod og dyp jord, og blodere på den nordre enn på den sørre side, og af den årsag haver kirken og tårnet synket i mot nord hvilket har forårsaget uorden i bygningen og bindingsverket, men kunde dog endnu bli stående nogle år, men efter beste rådførel med hinanden blev de fleste stemmer at almuen således, at dersom dette av Deres høiærværdighet og vedkommende høie øvrigheit måtte blive aprobert og fundet for godt, da vil vi samtlige Finsland sogns almue næst Guds hjelp bygge en ny korskirke fullkommen stor nok til sognets almue, og på det at grunden kan blive fast og beständig, vil vi utvide kirkegården til syndre kanten og flytte kirken således at den kand blive stående på fast og beständig grund.

Nogle frivillige gaver kan ventes, så bekostningen kunde blive noget tålig for de mindre formuende. Og for at ting skal vi gjøre al mulig stid at altting kunde blive begyndt og fullendt med fred og enighed. Men vi er bange for at vi ikke denne vinter kan få fremkjørt de fornødne materialer, og førstkomende sommer får vi arbeide noget med at bortføre og jevne en hei eller bakke som er til hinder når kirken skal flyttes til fast og beständig grund.

Thi er våres ydmyge bøn og begjæring til Deres høiærværdighet og vedkommende høie øvrigheit:

1. At vi førstkomende sommer og høst måtte utvide kirkegården og få grunden hvor kirken skal bygges planert og ferdig, og hugge de fornødne materialer.
2. At det måtte bero med kirkens bygning indtil året 1803 da vi næst Guds hjelp håber at fullføre bygningen.
3. At Deres høiærværdighet ville på beste måde gjøre ansøgning for oss at vi kunne få nogen hjælp af de andre kirker i stiftet. Thi mange af almuen er fattige folk og kirkens eiendom er lidet. Forblivende med størst høiaktelse Deres høiærværdighets ydmyge tjener.

Gunder Knudsen Lauvland

Ole Rasmussen Kleveland

Tomas Olsen Leipsland

Knud Olsen Finsland

Bør Pålson Dybesland

Lars Olsen Øvland

John Olsen Nesset

John Olsen Grindland

Christen Jenssen Follerås

Osu Alfsen Dynestel

Tyge Olsen Espeland

Jens Børusen Hønemyr

På egne og øvrige Finsland sogns almues vegne.

Brevet blei attestert av både lensmann og prest, og frå Stiftsdireksjonen blei det lagt ved ei erklæring med oppfordring om at dei andre kyrkjene i stiftet måtte påleggast ei avgift på 1 riksdaler for hovedkyrkjer og 64 sk. for annekskyrkjer til byggefond.

Skrivet med vedlegg blei sendt 18 oktober 1802 til kanselliet i København.

I februar 1803 kom det svar til biskopen, der bygginga blei godkjend, og der Kongens råd *allernådigst har bevilget til hjelp for bemelde kirkes oppbyggelse at det overalt på landet i Christianssands stift må inndsettes bekkener for alle kirke-døre på en sondag, og i stiftets kjøbsteder ombærer collektbøger i husene, hvori enhver som besøges i så månde til for sammes brug af et christelig og medlidende hjer-te har skjenket og givet.*

Brevet er undertekna av 8 medlemer av Kongens råd i den kongelige residens i København den 4. Februar 1803 etter Hans Kongelige Majestets allernådigste befaling.

Meininga var vel at økonomisk støtte skulle gjevast ved ofring i kyrkjene på landet, og ved friviljuge gåver i byane i stiftet.

I mellomtida blei det arbeidd vidare med planane.


Den 30. mai 1802 var det nytt almannamøte der dei praktiske spørsmål blei drøfta, og dei kom til enighet- i fred og fordragelighet- om:

1. Alt pliktarbeid til kirken går i mandtal.
2. Materialene til den nye kirke forskaffes etter det instrument som almuen opprettede sig imellom den 24. April d. å. Den som ikke skaffer materialene frem til bestemt tid finder seg i at skjedemændene kjøber og fremskaffer dem på hans bekostning.
3. De som harer de største brug have forrettighed til at velge stolsteder i kirken, mens de som har lige brug får stolsteder etter lodtrekning.
4. Almuen velger 4 tilsynsmænd til at have opsyn med kirkens bygging og taro, mod etter fremlagt regning at bekomme en billig betaling for tidsspille og bryderi. Disse mænd bliver: Gundersen Knutsen Lærsland, Lars Sørensen Øvland, Bård Povelsen Stokkås og Ola Torjussen Solås.
5. John Olsen Nesset giver for sig og sitt hus og hele familien 30 r.daler til Finsland kirke når påførdres, mod at nyde stolsæder så lenge kirkens står, samt til begravelse for gårdenes Strædet og Nesset tilsammen med hans brug i Frigstad.

Kostnaden med å reise ny kyrkje blei altså delt etter beste skjøn og evne når dei midla dei rådde over var oppbrukt.

Etter at Kongen hadde godkjent bygginga, var det berre å gå i gang.

Ein må berre undrast over kor fort det gjekk. Då prosten mot slutten av



Eit svært gammalt bilete av kyrkja då sakristiet ikkje vart bygd før 1913.  
Utlånt av Bibbi Dale.

året kom på visitas, kunne han melde at den nye kirke med 319 siddeplasser er bygt i år og tatt i bruk.

Truleg har det vore utført mykje pliktarbeid, både med planeringa og grunnmuren, men også med tilmåting av materialen.

Det er ikkje funne reknskap som viser kostnaden, eller kven som stod for arbeidet, men mykje pengar hadde dei ikkje til rådvelde. Det ser ut til at det kunne vere omlag 480 dalar.

I bispearkiv er funne at presten Støren har kvittera for 288 dalar innkomne frå andre kyrkjer i stiftet, d.v.s. Rogaland, Agder og Telemark. I tillegg kjem eit byggefond på omlag 50 r.dalar, gava frå John Olsen Nesset på 30 dalar, og 110 dalar for materialar frå gamlekyrkja, som blei seld på auksjon 3. mai 1803.

Kristen Jenssen Follerås fekk tilslaget, og bygde hus som ennå er i bruk «der ute» på Follerås.

Klokka, som Gunnar S. Follerås har gjeve til kyrkja, og som heng på fram-sida av «orgeltrevet» har han skore ut av ein stokk frå gamlekyrkja.

Sjølv om arkitekt, byggeleiari, tømmermenn og snekkarar alle er ukjende og gløymde, så har dei gjort arbeid som det står respekt av, og bøndene gav det finaste og beste tømmeret dei åtte.

Kyrkjeklokka, altertavla (?) og prekestolen blei flytta frå gamlekyrkja.

Så hadde bygda fått ei kyrkje som dei fremste fagfolk i Riksantikvariatet har bruka sterke adjektiv om. Domeniko Erdmann skreiv i 1938 slik:

Kirken er av den sedvanlige korsformede type. - Innwendig er det synlige lafteveg-

ger, glatt panelt takhvelv som er meget høit og avsluttet med stor, fremspringende gesims.-

Det er uten overdrivelse det fullstendigste umealte lafteinteriør med innredning som er bevart i vårt land. Den er dessuten i god forfatning- foruten å være raffinert og en stor sjeldenhets. Et fortreffelig interior.

Altartavle og prekestol har utmerket dekor på mørkeblå grunntone.

Kyrkja blei altså ferdigbygd i 1803, men vigslig blei det først i 1812, då den nye biskopen, Christian Sørenssen, kom i arbeid.

Han hadde sterke ætterøster her i bygda, på Espeland, Øvland og Kvælland, der faren, smedmester Søren Kristensen såg dagens lys. Vi kjem meir tilbake til biskop Sørenssen i eit seinare avsnitt.

Det var den første visitasen og kyrkjevigsliga biskopen sto for. Kyrkjevigsliga blei kunngjort frå alle kyrkjene i prostiet, og det hadde sikkert kome folk frå mange kantar for å vere med den dagen.

Visitasprotokollen, som elles gir mange interessante opplysningar, syner at Sørensen var ein dugande bisp. Som så mange i den tida la han vekt på kunnskapsmeddeling. Derfor laut lærarane i prestegjeldet finne seg i å møte til dugleiksprøve i katekisering, skriving og sang, der dei fekk karakter for kvert fag. Mellom desse lærarane var klokkaren Tyge Olsen Espeland som då hadde avløyst «den gamle og avfeldige mand Ånen Foldal», farbror hans.

«Moralen blev av sognepresten erklaert å være «temmelig god.» Den økonomiske forfatning finnes å være god i prestegjeldet,- og særlig i Finsland»

Innbyggartalet er 612. Der er 93 gardbrukarar med 73 3/4 hud skyld på eigedomane. Der var inga Kallsbok, noko som presten blei oppmoda til å skaffe.

Det blei først gjort i 1820. Det blei nok berre ført kallsbok for hovedsognet Bjelland. Hadde det vore ført kallsbok i kvar sokn, der prestane hadde skreve om ymse hendingar, hadde vi hatt mykje betre kjennskap om tilhøva for skule, kyrkje og folkeliv.

Mellan bispevisitasane blei det halde prostevistas. Det var mindre høgtsamt, og galdt helst inspeksjon av kyrkjene, og kontroll med ungdomens kristendomskunnskap. (kan hende noko å ta opp att.)


## Interiøret

Gamlekyrkja var nok meir enn vanleg spartansk utstyr.

Der var nok eit alter, men i 1700 er det skreve slik: *Kirken har ingen altertavle, har aldri været. Prekestolen har et ilde utseende.*

Fleire kyrkjer hadde bare jordgolv, og slik kan det nok ha vore her og.

Etter tilbygginga i 1711 blei prekestolen måla. Den er det aller eldste av



Sjå særlig på den gamle omnien som var svært høg – og kyrkja utan sakristi. Biletet er utlånt av Ingrid Finsland.

inventar i kyrkja nå. Sokneprest Asserson har skildra han med desse orda i Kallsboka: *Prekestolen er i rundbuett empire. Altartavlen i Lister-barok.* (Etter framandordbok og leksikon tykkest det vera tvilsomt om det er dei rette namna på stilartane.)

Han held fram slik:

*De er begge gilde arbeider som da de var nye må ha vært av stor virkning.*

*Altartavlen virker ennu ved sin massive eleganse, og prekestolen er smidig i sin form.* Se mer om prekestolen i senere artikkel.

Prekestolen har ei konkav tønneform med 3 pålima speilar av tynne treplater.

På desse er måla 3 av evangelistane, Matteus, Markus og Lukas. Namna står under kvart bilde. Prekestolen blei sist måla i 1824. Ein inskripsjon fortel kven som sto bak, ein gut frå Øvregarden på Finsland:

*Til Guds ære og kirken til prydelse haver den avdøde Torjus Olsen Finsland denne æreminde etter sin død. Haver han bekostet malingen på denne predikestol for dermed - (resten er ulesleg no.)*

Kven kunstnarane som har laga og måla altartavla og prekestolen er, veit vi ikkje.

I jubileumsboka for Konsmo kirke står det mellom anna:

«I 1820 ble den nye altertavla ferdig. Sognepresten skriver da i sin rapport til biskopen følgende: «En serdeles smukk og anselig altertavle er i denne sommer bleven forferdiget, malt og forgyllet.» Altertavla ble laget med kniv og høvl.

Tore Bergstøl forteller i boka «Atterljom» at far eller bestefar til Ernst Risdal (treskjærer fra Vigmostad) har skåret ut altertavla i Konsmo kirke. Ellers er utskjæringene ganske så like altertavlene i Laudal, Iveland og Bygland. På disse stedene er det Lars Stedjan fra Bjelland som har stått for arbeidet.»

Eit fotografi viser at altertavla i Konsmo nærmast er ein kopi av altertavla i Finsland kyrkje, som altså er om lag 100 år eldre, eller er ho ikkje det?

I bildeteksta til eit fotografi i andre bindet av Finslandssoga står det: *Hekken på N. Kleveland er laga av den gamle altertavla i Finsland Kyrkje.*

Bjørggulv Kleveland fortel at soga seier at hekken på Kleveland er halvparten av altertavla i Finsland kyrkje. Dei som reiv den gamle kyrkja fekk altertavla, kan hende som ein del av betalinga for arbeidet. Den andre halvparten skal vera på Apesland i Marnardal, og ein av halvpartene blei i si tid seld for ei halv tønne poteter i ei vårknipte, men Bjørggulv vissste ikkje kva for ein del det var. Sikkert er det likevel at dei som vil kjøpe altertavla nå, ikkje får henne for den prisen.

Dette tyder på at vår nåverande altertavle var ny i 1803, og altså ikkje blei flytta over frå gamlekyrkja. Konsmo kyrkje er som nemnt bygd i 1820, Laudal kyrkje i 1826 og Bygland kyrkje i 1838. Kan hende har vår «nye» altertavle likevel «stått modelli» for arbeida i dei andre kyrkjene.

### Døyefonten

I visitasboka for 1818 står det: *Kirkevergen Lars Sørensen Manflå påtøg seg på egen bekostning at anskaffe en døbefont i lighed med den på Bjelland.* Det må han ha gjort, for i jubileumsboka for Bjelland kyrkje er det eit fotografi av døyefonten der, og det kunne like gjerne ha vore av fonten i Finsland.

I Årbok for Agder Bispedømme for 1963 skreiv sokneprest Holme mellom anna om kyrkja: *Innvendig er ho umåla, men med overlag fint tømmer i vegane. Inngangsdører og vindauge er nye, likeeins benkane. Koret er skilt frå skipet med tre rundbogar. I koret er to innebygde stolar med dører, ein for prestefamilien og ein truleg for inngangskoner.*

Då Bjelland prestegjeld i 1825 skulle overførast frå Lister til Mandal prosti, sende sokneprest Fleischer liste over inventaret i kyrkja til biskopen.

Det er nemnt to ting som har kome bort: Lysekrona av glas, og dåpsfat av messing. Gamle folk fortalte at lysekrona datt ned og blei knasa. Det er nok rett. Det låg alt fram til 1950 eit prisme i alterskåpet.

Det er mystikk kring dåpsfatet. Under visitas i 1818 blei Lars Sørensen Mannflå pålagt *søarest mulig å få døbefadet omstølt.* Det er vel skrivefeil for *omstøbt.* Fatet som no er i kyrkja er av tinn, altså eit anna enn i 1825. Kvar har messingfatet vorte av?

I boka om Vigmostad fortel Tore Bergstøl med sokneprest T. B. Ekeland som kjelde noe som set tankane i sving: *Etter kallsboka er det vakre dåpsfatet av messing gitt til Vigmostad kirke av presten Andreas Hauge.* (son til Hans Nielsen Hauge) Det ber og inn-skrift som tyder på det. Men så er det ein tradisjon der i bygda som går på at Hauge hadde kjøpt det av Anna Ågedal. Som enke blei ho gift med ein kar frå Bykle, Halvor Listad. Dei blei husmannsfolk under prestegarden. Anna skulle ha fått fatet av sokneprest Carlsen, (prest i Bjelland frå 1837 til 1861) eller kjøpt det på den store auksjonen etter han. Er det dette fatet som er nemnt i 1711 og 1825? Og korleis kan det ha kome til Bjelland prestegard før 1860?

Fatet i Vigmostad er mykje gammalt og verdfullt. I botnen er hamra ut bilete av Jesu dåp. Slike fat er det andre stader og, laga i Nürnberg.

Ein får nok aldri vita kor mykje sanning det er i denne overleveringa. Det er synd at gamle ting i kyrkja så heilt er blitt borte.

Det gjeld til dømes den fine messegagelen frå 1723, antependier, alterduk og andre ting. Mykje av skulda for «fattigdomen» kviler på kommunestyret.

I 1845 blei det av kirkens sager seld for 7alar 3 sk. Kva som blei seld og kven som kjøpte veit ingen. Men reint bord blei det - -.

På visitasreisene sette biskopen krav om at det skulle vera orden i papira. Trass i det blei ikkje eingong skjøta etter kyrkjekjøpet i 1725 førd inn i Kirkestolen, som var rekneskapsboka for kyrkjevergane.

Fyrst i 1830-åra blei det orden i sakene.

Frå 1818 og utover var det Lars Sørensen Mannflå som førde rekneska for kyrkja. I rekneskapen for 1820 ser ein at det av «tavlepengar» er brukt 64 sk.



til kjøp av papir og pennar til skulen. Kassesummen 26 spd. 75 sk. var lånt bort mot rente. Innkome ved tavlepengar var 3 spd. 112 sk.

Lars er nemnd som skjøtemann. Det tyder kanhende at han skjøtta så vel om kyrkja. Han kjøpte linolje og farge, og arbeidde mange dagar med å måla dører og vindauge. Han streva med steinkøyring til kyrkjeborga og med ymse etterarbeid frå byggetida. Kyrkjevergane hadde og som oppgåve å kjøpe inn brød og vin, ringe med kyrkjekeklokkja, og vere til teneste for presten. Det var uløna arbeid, og lite ære var det og med det. For 1 dalar 2 ort og 12 skilling kunne ein kjøpe seg fri frå ombodet, og mange gjorde det.

Formannskapslova kom i 1836, og alt i 1837 blei Finsland oppretta som eigen kommune. Etter at det blei kommunalt sjølvstyre, tok formannskapet meir og meir over ansvaret for vedlikehald og kyrkja og kyrkjegården, som begge trong til vøling. I 1843 var det taket. Då gjekk det med 26 tylfter bord, 500 naglar og 300 takstein. Då må taket hatt stein frå før, for dette strakk ikkje til meir enn utbytting av sundbrotne stein. Samstundes laut kledningen på sørsga skiftast.

Kyrkja, som før hadde vore tjørebrædd, fekk no kvit måling. I visitasmelding står det at *hegnet om kirkegården trenger en betydelig forbedring*. Kyrkjegården blei i same rønnet utvida mot nordvest. Utlegget var 79 sp. dalar.

I 1877 blei det kosta 2 støypejernsportar, ein til sørsga og ein til nordre inngangen. Utlegget blei rekna i kroner og øre, 301 kroner og 60 øre.

Fram til hundreårsksiftet kom presten over elva ved Mannflå og fylgde prestevegen til Garstø, på toppen av Mannflå-kleivene, og vidare over heia til Ydregarden på Finsland. Då det blei køyreveg frå Koland til Røyrås, noko presten arbeidde ihuga for, tykte nok heradstyret at den nordre porten var uturvande. Han blei derfor sett inn i muren på den nye kyrkjegården, og dermed sparte dei utlegget til ny port der.

Fyrst i 1880 fekk kyrkja omn. Seint, men likevel den fyrste i Mandal prosti, som omfatar Søgne, Holum, Mandal, Sør- og Nord-Audnedal og Bjelland prestekall.


Per Sterkuldsen Helland, som var prestens medhjelpar, skal ha æra for det.

Pengar til omn kom inn på gåvelister, og det så rikeleg at det blei kjøpt to gode hengelamper til bruk ved kveldsgudstenester i tillegg.

## Sakristi

I 1902 bad kyrkjetilsynet kommunen om å løyve pengar til sakristi.

Formannskapet tok med kr. 800,- på budsjettet for 1903, men då saka kom opp i kommunestyret blei det avslag. Fyrst i 1911 eller 1912 vart saka tatt opp att. Sokneprest Asserson tok kontakt med statens bygningsinspektør



om tilbygget, og slik fekk kyrkjedepartementet vita om kva kommunen hadde tatt seg til i 1898. Då var dei gamle vindauge med små ruter i blyinnfatning så skrale at det måtte skifte til. Det blei gjort med å sette inn store ruter, slik det var vanleg å ha i skular og privathus på den tida..

Departementet kravde no at desse skulle bort, men det var ikkje kommunen villig til. Etter mange om og men blei vindauge ståande mot lovnad om at den gamle typen skulle brukast seinare. Dette seinka saka. Bygningsinspektøren laga teikning, men tilsynet var ikkje nøgd med den.

Frå møtet 15. jan. 1913 er dette bokført:

*Sognepresten la fram Kirkedepartementets skrivelse av 18/10 1912 og herredstyrets vedtak i den anledning 16/12 s. å. Efter å ha sett på kirken og sammenlignet med den bygningstegning Statens bygningsinspektør hadde gjort, kom man til det resultat at kirken innvendig ville lide betydelig om vinduet i korgavlen ble løftet 4 fod. Det vil da komme med øverste halvdel over takhvelvingen i koret. For imidlertid få samme takraust på sakristiet som på kortaket, ble man enige om å inngå til Det kongelige Kirkedepartement med søknad om å få tilladelse til:*

- a bare å heve vinduet i korgavlen 2 fod, hvormed det vil komme lige under takhvelvingen i koret.
- b å gjøre de to sakristirom 7 1/2 fod høye fra gulv til gulv.
- c å gjøre grunnmuren 1 fod lavere enn påtenkt i det man mener at sakristiet ikke vil lide det minste derved. En sådan senkning gir grunnmuren samme høyde som på vedlagte fotografier.

Dette blei godkjent, og byggenemnda, som forutan presten var Gutterm og Salve Finsland og Anders Utsogn, fekk i oppgåve å reise huset i samsvar med planen. Ola G. Slotte greidde med tømmermannsarbeidet. Grunnmur og trapp var Anders Utsogn og Salve Finsland si oppgåve. Med omnar og utvendes måling blei kostnaden omlag kr. 1300,-. Same hausten kom det ein større omn i kyrkja. Den kosta kr. 251,25

Med nye tider kjem det nye krav.

Den gamle bua med vedskjol og utedoar heldt ikkje mål lenger, og det blei vedtatt at sakristiet skulle byggast om. Ingeniør John N. Kleveland planla ombygginga, og i byggenemnda fekk Olav Hagen, Sverre Kleveland og Rolf Spikkeland ansvaret. Det blei laga toalett og eit lite «kjøkken», og «prestekontoret» og romet ved sida blei pussa opp og møblert. Det kunne då brukast til møterom for soknerådet, og til dåpsfylge o.l. I seinare tid blir det også bruka til Bornas Kyrkjetime.

Under sakristiet blei det laga eit bårerom, og ved sida eit rom til reidskap, m. a. eit tineapparat som har vore til stor hjelp for gravaren i kalde periodar. Inngangen til desse romma ligg på nordsida av kyrkja, og blir vinterstid fylt med snø. For å hjelpe på dette er det lagt varmekabler i trappa. Byggmeister Ingar Ege utførte arbeidet i 1979.

I 1880-åra blei dei to bildefelta i altertavla og dei tre evangelistane på prekestolen overmåla med ei slag grå marmormåling. Det er truleg karen som gjorde dette som har sett førebokstavane sine og årstalet 1884 bak på altertavla. Denne «dåden» er kanskje ikkje så mykje å minnast, og sokneprest Knud Tjomsland tok opp tanken om å restaurere kyrkja, og føra interiøret tilbake til den stand det før hadde hatt. Soknerådet arbeidde i fleire år med planar for dette. Riksantikariatet laut inn i biletet og sende Domenico Erdmann hit for å bli orientera. Han la i 1938 fram ein arbeidsplan som soknerådet godtok. Men først i 1942 kom kyrkjemålar Olav Sæter hit. Han har restaurera «ei mengd» kyrkjer i Noreg, mellom anna også i Nidarosdomen, står det å lese i jubileumsskriftet for Bjelland kyrkje. Bjelland og Grindheim kyrkjer blei restaurerte i same tidsrommet og det var dei same fagfolka som sto for arbeidet der og.

Krigsåra hindra det vidare arbeidet, men så snart det blei nomale tilhøve blei arbeidet med å skifte ut dører og vindauge sett igang med løying av kommunestyret. Dei nye fekk både same storleik og mønster som dei opphavelege. Fargen blei avstemt etter altertavle, prekestol og alterring.

Det var sterke ønske om å få nye benkar, men for skuld det særmerkte interiøret i kyrkja fekk ein bare lov til ei lita forandring, så dei blei betre å sitja i. Dette arbeidet kosta omlag kr. 5000,- Arnfirn Grindland laga nye benkeseter, og Søren Djupesland og Fredrik Manflå var med han og monterte dei, samt anna snekkerarbeid.

I 1954 blei det gamle teglsteinstaket skifta ut med eternit-skifer. Eikesponen på tårntaket var frå 1880, og blei skifta ut med impregnert furuspon. Vindfløyen frå 1751 blei sett på plass på tårnspiret av Søren (Hansson) Åstrand, som då var 68 år gammal.

I 1955 fekk kyrkja elektrisk lys og varme, etter plan frå A/S Per Kure, og tilbod frå A/S Obowatt i Kristiansand på kr. 10140,- Finslendingane Trygve Omdal, Bård Mæsel og Normann Røisland installerte. Fleire gonger har det vore på tale å måle kyrkja innvendig. Heldigvis har det ikkje vorte noko av det, for det er nettopp dei umåla tømmerveggene som gjer kyrkja så særmerkt. Men trekkfull har kyrkja vore.

Mange minnest vel enno høgmessene vinterstid, når klokkar Reinert Sløgedal under preika måtte ut i sakristet og få på seg winterfrakka. Torgeir Utsogn, som tok plass i klokkarstolen etter Sløgedal, fortalte at det var så sterkt trekk gjennom veggen bak klokkarstolen at trekken bles ut eit lys når han heldt det inntil.

I 1987 blei kledningen på nordveggen skifta, og veggen isolert, så nå kan klokkaren vera kledd som andre kyrkjefolk vinterstid.

## Stoldeling i kyrkja

Før kyrkja blei bygd i 1803 var det gjort avtale om å dela tilskot av materiale og pengar etter verdien på eigedomane mot at kvart bruk fekk fast plass i kyrkja etter størrelsen på bruks. I sogeboaka står det at kvar huslyd fekk sin faste plass, men det kan ikkje stemme, for kvar benk er tildelt 6 bruk, og meir enn 6 mann var det ikkje rom for i kvar benk, så det var nok husbonden sjøl som fekk tildelt den plassen. Det var også skikken at karane sat på høgre og kvinnene på venstre sida i kyrkja. Truleg har då husmora på bruket fått sin plass i stolen til venstre for husbonden sin.

Fyrst i 1845 blei benkedelinga gjort med formannskapsvedtak, som blei stadfesta av REGJERINGA. Dette måtte vere ei viktig sak.



Benkane blei nummererte, og lista er slik:

- Nr. 1. Knud G. Spikkeland, Søren S. Finsland, Ole Gutormsen Finsland, Lars Sørensen Manflå, Fredrik Olsen Manflå og Lars Jakobsen Manflå.
- Nr. 2. Salve A. Frigstad, Ola R. Omsland, Ole Kleveland, Bent Kleveland, Ole Haugedal, Neset og Straedet.
- Nr. 3. Ole Grindland, Jens Øvlands enke, Halvor Øvland, Reier Rørås, Lars Mæsel og Ole Chr. Esperås.
- Nr. 4. Hågen Lauvsland, Ole Gundersen Lauvsland, Ole Eftestad, Gutorm Djupesland, Knud Frigstad og Peder S. Finsland.
- Nr. 5. Anders S. Follerås, Ole T. Slottet, Ole T. Dåstøl, Bård Hærås, Gunder Kvlland og Gunder Lauvsland.
- Nr. 6. Christen Omdal, Ole Hegland, Gunder Hegland, Anders G. Spikkeland, Tomas Helland og Ole Helland.
- Nr. 7. Ole C. Spikkeland, Bent Spikkeland, Anders Skogen, Gunder Watneli, Ole A. Vatneli og Søren Åsen.
- Nr. 8. Sterkuld Omsland, Simon Omsland, Lars Egeli, Asbjørn Kleveland, John Kleveland og Bergtor Kleveland.
- Nr. 9. Ole Hønemyr, Anders Øvland, Gutorm Øvland, Bergtor Øvland, Nils Øvland og Endre Hønemyr.
- Nr. 10. John Finsland, Bergtor Finsland, Anders B. Follerås, Velom Follerås, Ole Rørås og Søren O. Rørås.
- Nr. 11. Jon Dybeslands enke, Anders Grindland, Knud Fjeldsgård, Ola Chr. Fjeldsgård, Christen Mæsel og Ole G. Mæsel.
- Nr. 12. Torkild Fjeldsgård, Gunder J. Fjeldsgård, Daniel Dybesland, Ole Andersen Dybesland, Osmund Solås og Ingebør Solås.
- Nr. 13. Salve Regevik, Ånen Foldal, Nils Eftestad, Kiddel Dybesland, Gutter Espeland og Sivert Eftestad.
- Nr. 14. Tomas Espeland, Anders Espeland, Ånen Espeland, Anders O. Helland, Salve Leipsland og Nils G. Leipsland.
- Nr. 15. Anders Heivoll, Somund J. Heivoll, Christen A. Spikkeland, Anders A. Spikkeland, Christen Røiseland og Ånen R. Røiseland.
- Nr. 16. Anders Harbak, Bergtor Røiseland, Ole Abesland, Ånen Mæsel og Ole Solås.
- Nr. 17. Anders Dynestøl, Thore Mæsel, Tomas Frigstad, Christen Frigstad, Somund Hærås og Ole Hærås.
- Nr. 18. Knud G. Finsland, Søren Grindland, Gunleiv Dybesland, Torgrim Lauvsland, Osuf Dynestøl og Anders Dynestøl.
- Nr. 19. Salve Fløystøl, T. Røiseland, Tosten Lauvsland, Ole Stokåsen, Ole Chr. Lauvsland og Gutter Follerås.
- Nr. 20. Ole Døble, Ole Skålenes, Ole Kimestad, Tom Solås, Ånen Dybesland, Peder Dybesland, Anne Hagen og Jens Døble.

*Skåpa. Som står på kvar side av altarringen, er lenkt for prestekone og bispinne. Torgeir Utsogn kan minnast at prestefruene Tjomsland og Holme sat på desse plassane. Eller kan det være noko anna skåpa er laga til?*

Størrelsen på gardane er utrekna etter skyld, og varierar frå 4 dalar-1 ort 16 skilling til 1 ort. I søknaden om løyve til å bygge kyrkja er det oppgjeve at sognet kun har ca. 90 gårdsbrug, for en stor del fattige.

Når det då er tildelt stolar til 121 bruk, må vel nokre av dei vere å rekne for «plassar» eller små-bruk.

Resten av kyrkjelyden, tenestefolk, born og ungdom, laut finne plass på treva, som det frå fyrist av var 4 av, dei tre nåverande, i vår ungdom kalla «orgeltrevet», «jentetrevet» og «postmannstrevet».

«Hestehandlartrevet» var bak altertavla, men det blei revet ut alt i 1826, fordi det var så mykje uro og bråk der.




## Gåver til kyrkja

«Kirken står i bondens øine på et høit sted», ja så skreiv den store diktaren B.B.

Dette må ein seie har vore og er så i Finsland. Og dette synet har gitt seg utslag i verdfulle gåver både frå enkeltpersonar og lag. Hadde det ikkje så vore, ville kyrkja vore omlag like snau no som då ho var ny. Av altersølvet er det berre kalken og disken som kyrkjelyden har kjøpt. Berre disken, som blei kjøp mellom 1705 og -07 er utan innskrift. Han koste då 5 r.dalar. Den massive brødøskja er gåve og har innskrifta «John Olsen Frigstad Asborg Olsdatter 1799». Det er John Neset og kona. På den tunge kalken står: *Tilhører Finsland Kirke. Bekostet av almuuen 1843.*

Under bispevisitas i 1965 kom biskopen med merknad om at Strømmes patent på kalk med serkalkar burde byttast ut. (Sak 6 i Soknerådets møtebok dat. 23/1 -66)

Dei som ikkje var gode nok lenger, to oppsatsar med små beger i sølv, var truleg skaffa i 1920-åra. Tidelegare hadde alle drukke av sam kalken frå 1843.




*Brudestolar i kyrkja. Gåve frå Bondekvinnelaget.*



I 1968 fekk kyrkja serkalkar og vinkeanne også i sølv. Det kosta i overkant av kr. 6000,-. Pengane kom frå Helselaget, og ei anonym gåve på omlag kr. 1000,-

Lysekrona er og samanskotsgåve. Då kyrkja i 1954 fekk elektrisk lys, ønska ein med same å få lysekrone, både fordi det er ein ven pryd, men enn meir fordi at lyset frå lampepunktene på veggene ikkje gjev lys nok i midten. Men det var då kosta så mykje på restaurering og elektrisk innlegg at dette ønske laut vente.

I 1968 - 69 kom det store gåver frå jord- og skogbrukslaget, frå ein anonym gjevar kr. 1200,- og ei testamenterisk gåve etter Sørine Solås. Frå før hadde soknerådet nokre hundre kroner i Amerika-gåve frå Knut og Olav Kilen.



*Dei gamle særkalkane er ikkje lenger i bruk*

Det hadde før 1825 vore ei prismekrone i kyrkja, og helst hadde både soknerådet og riksantikvaren ønska seg ei ny prismekrone, men prisen sa at det laut bli ei av polera messing, som kom på kr. 5800,- + installering.

Finsland Bondekvinnelag har, særleg etter 1945, sett det som ei arbeidsoppgåve å gjere kyrkja ven og uneleg. Dei ga løparar til kyrkjegolv, kosta teppe i alterringen, det blei vevd av Guri B. Lauvsland etter teikning av husflidskonsulent Torbjørg Bitustøy. Dei ga senkeapparat ved gravferd, alterduk og antependium, og brudestolar. Bondekvinnelaget fekk med seg sko-geigarlaget og andre og fekk flomlys til kyrkja i 1972, og sydde puter til kyrkjebenkane på dugnad i 1984, for å nemna noko. Handarbeidslærar Kari Grindland laga ein messehakel som ho gav til heimbygdas kyrkje i 1962.

I 1972 fekk kyrkja høgtalaranlegg som koste vel kr. 5700,- av Ingeborg og Edvard Fløystøl. Olga og Kristen Dynestøl sette også kyrkja høgt, og ga store gåver som blei brukt til nye løparar i kyrkja, gardiner i sakristiet, skinnstrek til knefallet rundt alterringen, og til ringeanlegget, saman med kommunal bevilgning.



I 1978 fekk kyrkja ein sjuarma lysestake i sølv av arvingane etter Rakel Finsland. Riksantikvaren var redd altertavla kunne skadast av varmen frå lysa, og rådde til at det bare skulle tennast lys i «særskilde høve», t.d. høgtidsgudstenester. Kyrkjeterarane har rekna alle gudstenester for «særskilde høve» og lysa blir tende ved alle kyrkelege handlingar.

Som ein ser har bygdefolk gjennom alle tider sett pris på kyrkja og arbeidet der, og vist det ved å gje kyrkja gåver, ikkje som avlat, men i takksemid.

## Song og musikk i kyrkja

Før det kom orgel i kyrkja var det klokkaren si oppgåve å leie salmesongen.

Det er vel grunnen til at tittelen «kyrkjesongar» var mykje bruka. Det var viktig at klokkaren var sto i tonene og hadde kraftig røyst. Nils Nordgård, som var klokkar på 1860-talet hadde ein sundag gløymt seg bort, så gudstestesta hadde starta før han nådde fram. Med salmesongen gjekk det så som så. Med same Nordgård opna døra sette han i med sterkt mål og gjekk syngande fram mot klokkarstolen. Med eitt var songen frisk og sterk.

I 1930-åra tok sokneprest Tjomsland til orde for å skaffe kyrkja orgel. Til kyrkeorgel trond ein mange pengar, men i kommunekassa var det ikkje langt til botnen, og krav til vegbygging pressa på. Det blei då send i kring gåveliste med det resultat at soknerådet kjøpte eit større harmonium til kr. 980,- Dette fungerte meir og mindre bra, det blei ein del reparasjonskostnader på det, og etter kvart som tida gjekk blei det eit almennt ønske om å få eit godt kyrkeorgel. I fleire år førte soknerådet opp orgel på sitt budsjett-



Orgelet er bygd i 1968.

forslag, og i 1967 løyvde kommunen pengar. Ein grunn til at dette vedtaket blei gjort, kom nok av at det i Finsland kommune var ein del fondsmidler som blei overført til Songdalen kommune i samband med reguleringa av kommunegrensene i 1964. Kommunestyret meinte at desse midlane burde brukast i Finsland. Soknerådet skulle ordna med kjøp, og det blei henta inn tilbod frå fleire orgelbyggjarar. Prisen var omlag lik alle stader. Soknerådet spurde domorganist Bjarne Sløgedal, som er fødd og oppvachsen i Finsland, til råds, og han rådde til å gjera avtale med Vestfold Orgelbygg ved Einar Gulbrandsen om levering. Orgelet blei tatt i bruk ved julegudstenesta i 1968, men fyrst overlevert i mai 1969. Kostnaden blei kr. 62000,- som avtala, men på grunn av pris- og lønsauke i tida frå avtale til levering blei visst ikkje fortenesta til orgelbyggaren så stor. Framståande fagfolk sa at orgelet var av svært høg kvalitet, og at det passa godt inn i interiøret. Det tyder på at Sløgedals råd var gode, men dei var visst ikkje dyre. Han fekk reisepengar for 7 turar frå Kristiansand til Finsland, og ei gáve i staden for honorar.

I 1978 blei det kjøpt eit Sauter piano for kr. 15.000,- til kyrkja, også denne gongen med konsulenthjelp frå Bjarne Sløgedal. Honoraret blei vel omlag som ved orgelkjøpet Det blei mest med ein varm og velfortent takk. Pianoet blir mest bruka når solistar og mindre grupper er med på tilstellingar i kyrkja, og det er umisteleg når Barnekoret syng.

Om instrumenta i kyrkja har vore til hjelpe for song- og musikkinteressa i Finsland veit ein ikkje, men mange kor og grupper har vore med gjennom tidene, og her er eit program for sangkrefter ved gudstenester vinteren og våren 1988:

- 31. januar, Kilen Grendehus, sang ved Kilen Søndagsskole.
- 14. februar, Finsland Ungdomskor.
- 13. mars, Finsland Barnekor.
- 16. mars, Finsland Sanggruppe.
- 3. april, (fyrste påskedag) Liv Follerås og Ragnhild Hærås.
- 10. april, (Eldres kyrkjedag) Finsland Sangsøstre.
- 24. april, Finsland Musikkorps.

Ikkje så rart at res. kap. Trygve Omland skjøna at han var i SONGdalen.



Salmetavlane er laga av Salve Sundbø på slutten av 1800 talet. Han var klokkar i kyrkja.



*Domkirkens Motettkor under leiing av Bjarne Sløgedal.*



*Domorganist Bjarne Sløgedal.*



*Finsland barnekor ca. 1985.*

*Faksimile av programmet for "jolekonserten i Finsland kyrkje" i 1945.  
Utlant av Erna Kirkehei.*



## *Jolekonsert i Finsland kyrkje*

*sundag 23. desember 1945.*

### **PROGRAM:**

<i>Preludium.</i>	Ved orglet fra Kirkehei.
Herman Wenzel: „Weinachts“.	Preludium uten O de Fröhliche. Juleprolog ved fra Alma Kleiveland.
Salmene:	Deilig er jorden. Sangboken 517.
Form. I d. kr. m. L. Georg Slattei opnar.	
Gummid:	Ave Maria.
Schirrmann -	Ahurmid.
Johas Halvorsen	Vedlemøy sang.
	Folio og orgel ved Stale Pedersen og Mr. Bergstad.
* * *	Kinder, i Klokkar
E. Ahti:	Jeg har så len en byne. Mannskoret.
* * *	In dulci jubilo. Orgel ved Bjarne Sløgedal.
	<i>Tale av J. S. Follen ds.</i>
	Salmene: Cjer deren høy. Sangboken 511, 1-3.
N. Lasson:	Sakramentskoret.
J. Sanderson:	Min lile vrå. Mannskoret.
	Fantasi over ja vi elsker. Orgel ved Bjarne Sløgedal.
Schofferer:	Snart min sverdsklede.
Melchior Vulpius:	Fugler er landet. Mannskoret.
	Form. I misjonslagen System Massel - avslutder
Salmene:	Hør kommer dinne arme end. Sangb. 513, v. 1-8.
	Postludium: I denne nye juletid. Ved orglet fra Kirkehei.

**KOLLEKT**

**KOLLEKT**

Høgdepunkt i kyrkja si musikalske historie er nok konsertar med lokale kor i 1940-åra, og ikkje minst konsertane til Domkirkens Motettkor under leding av domorganist Bjarne Sløgedal.

## **Kyrkjegarden**

Ein veit ikkje mykje om gravplass i gamal tid. Mellom Finsland og Stomnås, ein stad som heiter Stien, er ein plass dei kallar «den gamle kjøregarden». Der ligg det mange steinrøyser som kan vera gamle graver. Røysene er lagngstrakte og knapt ein meter høge. Somme gissar på at gravene skriv seg frå Svartedauden si tid. Desse steinrøysene er ikkje granska av kunnige folk, men det er grave i ei av røysene, og der blei det funne kol. Fortidsminnegranskurar som har sett plassen har lite tru på at det er ein gravplass.

I nyare tid har gravplassen vore ved kyrkja, kanhende uhegna fram til 1700-åra.

I 1711 er det nemnt at det er oppsatt ny kirkegård, truleg er det mur kring kyrkjegården. I 1813 herja ein fælsleg dysenteri-epidemi med 24 dødsfall i august og fleire i september. Det kom då opp plan om å lage gravplass omlag 150 m. sør for kyrkja. Men då soitta stogga, blei det med tanken, og gravplassen ved kyrkja var i bruk i lange tider. Men i 1897 blei det klaga på kor lite tenleg gravplassen var. Grunnen var blaut, så kistene blei ståande i vatn vår og haust, og dessutan blei plassen for liten.

Kommunestyret gjorde då vedtak om å laga ny gravplass på den staden dei hadde sett på i 1813. Dette tykte somme var eit for stort brot på tradisjoner, og protesterte gjennom avisartiklar. Det blei ein bitter strid med personlege utfall. Kommunestyret var nokså samla, og dei fekk landbruksingeniør Bretteville til å hjelpe seg. Han nivellerte, målte opp og laga kart, og kom til at den lågaste delen av kyrkjegården var ubrukeleg til gravplass. Kommunestyret stod no sterkt, og heldt fast på sitt, men opposisjonen gav seg ikkje. Dei samla underskrifter for sitt syn og anka saka til departementet. Ola Grindland var ordførar, og ein meister til å forme sitt syn skriftleg. Aldri nokon gong arbeidde han som no for å få fleirtalets syn fram. Det er fortalt at han brukte ei heil veke på utforminga, men så blei det og eit skriv som ikkje gav tvil om kva som var rett. Departementet stadfeste fleirtalsvedtaket, og gravplassen ved kyrkja blei kondemnert i 1902. Detasta då med opparbeiding av ny gravplass.


Kommunen kjøpte 1595 m<sup>2</sup> grunn for kr 225,- av Ola J. Follerås i Nere-garden.

Bygda hadde mange flinke gråsteinsmurarar, og Salve J. Finsland, Anders og Tomas Utsogn med Ole Stedal som hjelpesmann gjekk straks igang med steinkiling i bakkane, og Ola M. Apesland med steinkøyring. Sjølv om det var dyrka jord, og etter måten slett, blei det ein høg mur på vestsida, og ikkje så lite planering. Arbeidet var ferdig hausten 1903, og då blei gravplassen vigsla og tatt i bruk.

I 1938 var han langt på lei fullsett. Soknerådet fann då at noko måtte gjeraast for å få plass til nye graver. Det var tre alternativ: utviding av den «nye» gravplassen, ta i bruk at gravplassen ved kyrkja, eller sette nye kister oppa dei gamle. Det fyrste blei dyrt, og det siste støyte mot pietetskjensla.

Oppmålingar ved landbruksingeniør Knut Vik syntte at ein ved å fylle opp det lågaste partiet med 240 m<sup>3</sup> sand kunne ein få heva grunnen slik at høgste vannstand kom meir enn ein meter under gravene. Helserådet rådde til, kommunestyret vedtok, og departementet godkjende at ein på ny tok gravplassen i bruk. Sand til oppfylling kom frå Nordgaren på Finsland, der store sandmæler har lege heilt sidan istida. Det heile kom på bare kr. 1000,-

Kyrkjegardane var ikkje alltid så velstelte. I 1955 fekk Soknerådet kyrkegards-konsulent Karen Reistad hit for å gjie gode råd. Ho rådde til at betongrammene rundt gravene blei tatt bort, og at graver som ikkje blei stelte



Fra gravferd i kyrkja. Biletet er utlånt av Bibbi Dale.

skulle slettast. Så skulle kyrkjegården planerast og såast til med plenfrø, slik at det kunne brukast plenklyppar. Våren etter blei det lyst til dugnad. Bondekvinrelaget sine medlemer møtte svært godt fram, og mange hadde fått med seg mennene. Etter slik dugnad i to-tre år gav gravplassen eit heilt anna inntrykk, og den årlege dugnaden på kyrkjegården har halde seg heilt fram til nå. Kommunestyret kosta vannledning til vanning på kyrkjegården i 1957, og har sidan løvt pengar til vedlikehald.

Magnhild og Ommund Haugland hadde i over 25 år tilsyn med kyrkjegården, og det er fredeleg og godt å gå mellom dei velstelte gravene. Det har vel i alle tider vore jamn velstand i Finsland, ikkje så mykje kaksar og fattigfolk som sume andre stader. Gravminna er nokså einsarta, og ikkje mange skil seg ut.

Eitt er ei malmhelle som lå like ved nordveggen, og er eit minne over John O. Nesset og kona. Kona døydde først, og John kosta då denne malmplata med fylgjand tekst:

*Den beste ven som Gud mig gav den hviler udi denne grav . Hendes navn er Asbjør Olsdatter Næsset, fød 1745 den 2. desember, død 1805 den 2. oktober. Hvil i fred min kiere koinde, Gud la os samles glad igen hvor aldrig nogen taare rinde, men evig glade ven hos ven. J. O. S.*

Litt lenger frå kyrkeveggen lå det ein gravplass inne i ei stor jerngrind. På ei plate står det desse orda:

*Her hviler stevet af Fredrik Olsen Mandflæs født på Miaaland i Aasdal Den 3*



Her vert kista frakta med hest og sleda. Biletet utlånt av Bibbi Dale.

marts 1793. Døde på Mandflaae Den 25 marts 1857 i sit 65 aar. Han efterlade sig kone og 5 børn der begravde Hans Bortgang og Vilsigne Hans Minde.

Det heilte også at ein smågut frå Mannflå som blei stanga i hel av ein stut var gravlagd inne i grinda, «så skulle han i alle fall få ligge trygt på kyrkje-garden.» Då denne smijernsgrinda, som var godt over ein meter høg, tok til å forfarast, blei det i samråd med slekta gjort vedtak om å ta henne bort. Den gamle malmhella som lå over John Olsen Nesset og kona hans ei flytta opp til denne staden, og det er planta og stelt til ein liten minnelund.

Sjølv om fredningstida nå bare er 20 år, minka det på ledige gravplassar, og etter at privatbilen blei allemannseige måtte det ordnast med meir plass til parkering. På nytt møtte soknerådet velvilje i Neregarden, Sigurd Follerås let kyrkja få utvide veien, både frå kyrkja opp til fylkesveien, og langs fylkesveien ut til den ytre kyrkjegården. Dette blei også for lite, og i mai 1983 sende soknerådet brev til kommunen om manglende parkeringsareal. «Kjerkehaugen», eit område nordvest for kyrkja på 2,8 da. blei kjøpt av Svein Harald Follerås for kr. 20000,-

Ein del av dette arealet blei reinska for stein og planert med tanke på framtidig gravplass. Dette stykket ligg «utanfor muren», og er førebels ikkje tatt i bruk. Utanfor muren gravla dei i gamle dager brotsmenn og folk som hadde tatt sitt eige liv. Men riksantikvaren har freda steingjerdet rundt den gamle gravplassen, så det må nok stå.

Resten blei opparbeidd til parkeringsplass. Arealet blei opparbeidd i 1988, og veien og parkeringsplassen blei asfaltert i 1989, men først i 1991 blei det ordna med oppgjer og tinglysing. Det var visst for mange som hadde hatt noko med saka å gjere.

## Lekfolk som har gjort teneste i kyrkja Klokkarane

Kjært barn har mange namn, heiter det.

Kyrkjesongar eller dekne blei og brukta. Etter gamle føresegner var dette ei stilling for *studios teologie*. Det var ikkje uvanleg at studentar av ein eller annan grunn gav opp studiene og mange av dei blei huslærarar for embetsmenns born. Mannflåboka fortel at Anders Bjørnson Homme - student - var huslærar hos Schive og ei tid dekne i Bjelland og Finsland. Han preika stundom i kyrkja. Men studentar var sjeldan vare i bygdene. Då laut presten prøve å finne «andre bekvenne mænd» til ombodet. Eit av vilkåra var at han kunne skrive. Frå 1600-talet skulle det først bok over døypte, vigde og døde. Men noko meir enn vanleg kunnskap trongs og.

Klokkaren var pliktig til å undervise dei unge i kristendom, og måtte føre samtale (katekisere) med dei når det var visitas. Desse karane måtte representera noko av det beste mellom folket i bygda. Å vera klokkar var i eldre tider ikkje lite ærefullt, i alle fall på bygdene. Det at dei var utnemnde av biskopen, og hadde ansvar og myndighet til å syte for ro og orden, skapte vyrnad. Ombodet fylgte ofte slekta, Folldalsslekta hadde ombodet i 98 år utan avbrot. Den første klokkaren ein har funne namnet på er Anders Dagfinnsen, omtala i Harbak i 1689, truleg son til presten Dagfinn Phillipsen

2. Tyge Ånensen Foldal frå 1827.
3. Ånen Tygesen Foldal frå 1765 til 1800.
4. Anders Olsen Homme var klokka både i Bjelland og Finsland ei tid.
5. Tyge Olsen Espeland (fødd Foldal) sluttta i 1826.
6. Lars Sørensen Mannflå hadde stillinga i 1830.
7. Ole Tygesen Espeland til 1850.

Etter den tid blei stillinga knytta til ein lærarpost, og det blei oftare skifte.

8. Nils Larsen Mæsel, død i 1859.
9. Gunder Andersen Vatneli, død 1863.
10. Nils Nordgård.
11. Beint Knutsen Mjåland, død 1880.
12. Ola Mjåland, 1882.
13. John S. Seland.
14. Aanen Landsverk.
15. Salve Sundbø, til 1898. Det er han som har laga tavlene til salmenummer.
16. T. Høversland, 1898 - 1900
17. Herlaug Øksendal 1900 - 1919
18. Salve Helland til 30/10 1921
19. Reinert Sløgedal 30/10 1921 - 30/10 1971

20. Torgeir Utsogn til 1985, kombinert med kyrkjetenarstillinga.
21. Liv og Torstein Follerås til 1991
22. Åshild Roland til 2002
23. Anne Margit Harbak har stillinga nå.

Så nå har kvinnene overtatt ennå ein mannsbastion.

## Organistar

Då kyrkja i 1930-åra ved privat innsamling fekk eit harmoniumorgel, var det nokre ungdommar som under eit musikkurs i 1928 hadde lært såpass at dei våga seg til å spele til salmesongen. Godtgjersla var lite meir enn ein varm takk for velvilje.

Fyrst i 1942 løvde kommunestyret pengar til løn. Då blei fru Erna Kirkehei tilsett. Ho hadde stillinga fram til 1967, i dei siste åra var ikkje hella så bra, så ho måtte ofte ha vikar, mest på grunn av at orgelet var svært tungt å trø, og det var fleire gonger oppe både i Soknerådet og kommunestyret forslag om å få ei elektrisk vifte til å skaffe luft i orgelet, utan at det blei noko av. I eit intervju i «Songdølen» fortalte ho mellom anna at løna då blei tilsett var kr. 10,- pr teneste. I 1959 var løna kr. 800,- pr år for 22-24 gudstenester pluss 20-25 andre tenester (bryllup og begravelser).

Dersom ho måtte ha skyss blei det lite att. På kyrkjevegen på mest ei halv mil kunne føret vera så som så, og ho fortel: *En søndag i 1946 var det kraftig snøfall og storm, og jeg skulle til kirke. Jeg vasset i snø til livet ned til bilveien, forsøkte å sykle litt, men satte sykkelen i Skinsneskrysset. Spaserte og vasset videre til Myrvang, der jeg fikk låne ski av Tomas Buås. Da jeg nådde Breivoll kom endelig Hans Åslund med brøytebilen, og jeg fikk sitte på med ham opp til kirka - og rakk fram i tide.*

I 1967 blei Ragnhild Hærås tilsett. Ho hadde då vore vikar i tre år, og ho heldt ut i tenesta til 1998. Etter kvart blei det mest som ho høyde til det faste in-



Vår noverande organist Jan Erik Tallaksen på orgelkrakken.

ventaret, og det var så trygt og godt å ha henne på orgeltrevet. Ingen vil vel heller gløyme songen hennar i gravferder, når ho med si klare røyst formidla bodskapen om framtid og von.

Etter 1998 tenestgjorde Ragnhild Seglem ei tid, før Jan Erik Tallaksen frå Søgne tok over.

## Kyrkjetenarar

I eldre tid var det truleg prestens medhjelparar som hadde ansvar for ringing, tenning av alterlysa, skaffe til veges nattverdelementa og dåpsvatn.

I 1874 finn ein tilsetting av Gutorm Olsen Esperås. I 1880 fekk kyrkja omn, og kyrkjetenaren måtte derfor bu i nærlieken av kyrkja. I den tida fekk Ola Olsen Ålkjerås stillinga og hadde den til 1893. Då gjekk ho over til den 22 år gamle sonen Ola (Årebakken kalla, etter namnet på garden hans) Han hadde tenesta i over 50 år, han døydde i 1950. Ei lang og tru teneste for minimal løn.

I 1945 overtok Torgeir Utsogn tenesta, og i mitt minne er han og ein del av interiøret i mi barndoms kyrkje, der han sat bak altertavla på ein benk så smal at det var lite om å gjera at han måtte stå. Vinterstid la han i omnen medan kyrkjelyden song salma før preika, han kom med dåpsvatn, og han gjekk for å ringe med klokken etter gudstenesta. Under siste salma høyrdde vi steiga hans i trappene opp i tårnet, og når presten hadde lyst velsigninga, lydde tre gonger tre klokkeslag.

Då Reinert Sløgedal gjekk av som klokkar i 1971, blei stillinga som klokkar og kyrkjetenar slått saman, og Torgeir rykte då eit langt steg oppover på rangstigen og tok plass i klokkarstolen. Derfrå utførte han tenesta i begge verv fram til 1985.

Den gamle nemninga kyrkjessongar passa også godt på Torgeir, og særleg før den nye salmeboka kom, styrde han sangen med høg og myndig røyst. For arbeidet sitt i kyrkja,



Torgeir Utsogn får kongens fortjenestmedalje av Bergtor Dybesland, som har vore ordførar og kyrkjeverge.

og for anna gjævt frivillig arbeid fekk han på avskjedsfesten 30 juni Kongens Fortenestemedalje som takk for innsatsen.

Truskap er ordet som rønn meg i tanke når ein ser at bare to menn har hatt vernet som kyrkjetenarar på 92 år. Æra var lita, løna mindre, men tenesta stor.

## Gravarar

Langt tilbake i tida var det skyldfolket til den avlidne som måtte kasta opp grava og fylle ho igjen. Etter kvart blei det ordna med fast gravar. Det var ein stor fordel, først og fremst fordi det var lettare å få system over gravene.

Det første namnet som er funne i samanheng med offentleg gravar er Beint Sommunden Finsland, som var fødd i 1789. I 1873 sa han frå til heradstyret at han laut ha avløsing. Ikkje så rart kanhende, 84 år er ein høg pensjonsalder.

Jon Olsen Finsland tok då på seg gravinga for 1 ort 5 sk. pr. grav. Då skulle han frakta bort den steinen som blei gravd opp. Seinare tok sonen Ola Johnsen over. Han heldt på med å grave og ringe med kyrklokka til 1911. Så tok Guttorm Stomnås over. Også hans arbeidsdag blei lang, heile 30 år.

Torgeir Utsogn overtok då gravinga i 1941. Då han slutta, tok Peder A. Hærås over ei tid.

Sidan hadde bror hans, Olav A. Hærås tenesta fram til 1971, så Svein Harald Follerås fram til 1985, og Tom Otto Utsogn til 1999. Torleiv Roland hadde så tenesta eit par år. Nå er det Vidar Pedersen som tenestgjer.



I 1985/86 var det tre kvinnelige formenn i sokneråda i Søgne, Greipstad og Finsland. I Finsland var det Målfrid Fjeldsgård, i Søgne Bertha Ormestad og i Greipstad Målfrid Lindeland.

## Kyrkjelyden - sokneråd

Formannskapslova frå 1836 førde med seg mange forandringer i styrmingsverket. Ein merkar det også i kyrkja. Prestens påverknad i verdslege saker blir mindre. Kyrkjelyden derimot får større fridom, men også større ansvar for kyrkja.

I 1897 vedtok Stortinget ei lov som sa at det i kvar sokn skulle vera eit kyrkjelys på 3 medlem-

mer. Soknepresten var sjølvskreven, formannskapet skulle ha 1 medlem og heradstyret skulle velja den tredje for 3 år. Denne nemnda skulle ha tilsynet med kyrkje og kyrkjegard, tilsette kyrkjetenarar og gravar, kome med forslag om budsjett og anna. Dette var elles oppgåver som kommunestyret hadde tatt seg av alt frå 1840-åra.

Men det var innan kyrkja sterkt ønske om meir sjølvstyre i hennar indre arbeid.

I 1920 kom så lova om sokneråd. Dette avløyste tilsynet og gav kyrkjelyden gjennom valg av rådslemer meir fridom til eit meir nyansert arbeid, serleg mellom ungdomen. Elles fekk rådet rett til å koma med tilråding i valg av sokneprest og biskop. Talet på medlemmer er ulikt på ulike stader, i Finsland 6 + presten.

## Glimt frå soknerådsprotokollen

### 1958 - 7 / 12 - SAK 12

Soknerådert vedtok å oppmoda heradstyret om straks å setja av pengar til nytt orgel (pipeorgel) i kyrkja.

Sak 14, Spørsmål om å forandra namnet på Agder Bispedøme til Agder og Telemark Bispedøme.

Vedtak: Soknerådet har ikkje noko å merka til namnebytet.

### 1960, 23 mai - sak 6

Frå ordføraren var kome brev om at Grindlandsætta ynskjer å utvida urneplassen og få fastsett leiga for 40 år framover frå 1960. Tidlegare var gjort avtale om 40 år frå 1955. Soknerådet tilrår at urneplassen blir utvida til 13,5 m<sup>2</sup>, og tillegg på leiga kr. 125,- + kr. 25,- for oppfylling.

Sak 8. Soknerådet vedtok å kjøpa ein grasklyppar med motor.

### 1960 - 22 august.

Sak 11 Spørsmålet om kristendomsfaget og undervisning i dans i folkeskulen. Soknerådet gjev samråystes si fulle tilslutning til fråsegnar frå Vest-Agder Fylkesting i dette spørsmålet, og bed om at Læreplanen fo folkeskulen må endrast i samsvar med dei retningslinene som her er dregne opp.

### 1961 - 2. September

Sak 1. Skriv frå Agder Stiftsdireksjon om kommuneinndelinga og brigde a grenser for soknekallet. Soknerådet finn det naturleg at soknekallet fylgjer dei nye kommunegrensene.

### 1961 - 17 / 12

Sak 3 Kyrkjevergen, Georg Stomnås, hadde sagt frå at han ikkje kunne ha

denne oppgåva lenger. Sigurd Espeland vart samrøystes vald til kyrkjeverge.

1962 - 17 januar

Sak nr. 2. Det er i år 150 år sidan kyrkja vart vigsla. I den samanheng vil ein prøve å få til ei jubileumsgudsteneste. Ein vedtok å venda seg til Biskopen med spørsmål om han har ein sundag å avsjå til dette i sommertida.

1962 - 25 mars

Sak nr. 8. Biskopen har lova å koma til Finsland den 13 mai. Det vert fyrst gudsteneste i kyrkja, ein vil då prøva å få med Peder Tønnessen til å syngja. Om ettermiddagen vert det møte på Brandsvoll med foredrag av Biskopen over emnet: Misjonen i dag.

Sak nr. 9. Seknad frå Olaf A. Hærås om at betaling for gravinga går opp til kr. 100,- pr grav frå 1/1 1962. Søknaden vart samrøystes imøtekomen.



I samband med jubileet kom det telegram frå tidlegare sokneprest Knud Tjomsland og kona:

FINSLAND SOKNERÅD,  
ORDFØRER SYVERT MÆSEL.

HJARTANS HELSING TIL  
DET KJÆRE GODE KYRKJE-  
HUSET.  
MINNEHALL. HEILAGDOM.  
HIMMELPORT.  
GUD SIGNE KYRKJELYDEN  
OG ALLE DEI LIVSFUNKSJONANE  
VÅR KYRKJE STÅR  
FOR I FOLKELIVET.

MARIE OG KNUD TJOMS-  
LAND.

Syvert Mæsel og Gunnar S.  
Follerås var viktige personer i  
soknerådsarbeidet i mange år.



Faksimile av "Kyrkjelyden". Blad for Finsland, Bjelland og Grindheim. Dette er fra det siste nummeret som vart utgjeven i august 1970. Det første nummeret av bladet kom ut i mai 1949. Bladet vart fritt sendt til alle heimar i prestegjeldet og frivillig kontingent var kr.2,- for året. Utlånt av Erna Kirkehei.

## Bjelland prestegjeld går i oppløysing

Ved kongeleg resolusjon av 24/10 1969 blei Bjelland prestegjeld sundbytt. Bjelland sokn blei lagt til Marnardal saman med Øyslebø og Laudal, Grindheim til Audnedal saman med Konsmo og Åseral, og Finsland til Søgne prestegjeld, som frå før bestod av Greipstad og Søgne sogn. Det var ønske om at Greipstad og Finsland skulle vera eige soknekall med namnet Songdal, men det stranda på at det ikkje var eigen prestegard. Om det kan bli deling får framtida vise.

Det er lagt til rette for det ved at det blir ført eigne kyrkjebøker for dei to soknene frå 1/7 1970, og det er seinare oppretta kyrkjeleg fellesråd for Søgne kommune, og for Finsland og Greipstad sogn i Songdalen kommune.

Så er Finsland framleis anneks, slik som det alltid har vore.

## Biskop Sørensen

Som nemnt i samband med kyrkjevigslina, var biskop Christian Sørensen ætta frå Finsland.

I sogeboka «Ett og Gard» er slekta nedteikna under Kveddan, gardsnr. 26 i Finsland.

Det går fram at besteforeldra til biskopen, Kristen Sørensen, f. 1687, og Steivor Sørens datter f. 1699 kom frå Øvland til Kveddan i 1728. Då var far til



biskopen, Søren Christensen, 2 år. Han blei seinare smedmcister i Kristiansand, og gifta seg med Anne Christense Abrahamsdatter Just. Dei fekk i tillegg til biskopen m. a. også sonen professor dr. med. Nils Berner Sørenssen, som m. a. fekk sonen statsråd Aimar August Sørenssen.

Smeden Søren Christensen hadde 7 systre, men *tagnaden deira er ikke kjend*, heiter det i sogebooka. Biskopen hadde m. a. sønene statsråd Søren Anton

Wilhelm Sørenssen, generalmajor Fredrik Moltke Sørenssen og sorenskriver Nicolai Emanuel Tygeson Sørenssen.

Som ein ser, går namna Søren og Kristen i arv frå far til son til Søren Christensen flytta til Kristiansand.

Etterkomarane hans har tatt slektsnamnet Sørenssen, men Søren-namnet har halde seg i slekta i Finsland heilt fram til våre dagar, der m. a. Søren Tyge Espeland var berar av namnet.

I ei åttesoge skriven av ein av etterkomarane til biskopen, Fredrik L'Orange Sørenssen finn vi mellom anna opplysningane:

Biskop Christian Sørenssen var født 25/9 1765, og ble cand. theol. i 1786, 21 år gammel. Fra 1791 til -97 var han «aftensangprest» og rektor ved Strømsø skole i Drammen, fra 1797 til 1804 sogneprest i Risør, fra 1804 stiftsprost og sogneprest i Kristiansand. I 1811 ble han utnevnt til biskop i Agder, og det var han til 1823, da han ble biskop i Akershus Stift, det som nå er Oslo bispedømme, og fra 1825 var han også overhoffpredikant.

Som biskop vil Christian Sørenssen være bemerket bl. a. for sin store interesse for skolevesenet og for sine mange visitasreiser. I 1812 visiterte han hele Kristiansand stift og innviet da den nye Finsland kirke, som var bygd i 1803.

Også Akershus stift visiterte han meget frittlig. Han var medlem av det overordentlige storting i 1814, og stortingsrepresentant i 1815 og -16. I 1815 deltok han i stiftelsen av det norske Bibelselskap der han var formann i sentralkomiteen til han døde. Han var kommandør av Nordstjernen og ridder av Dannebrogordenen.

Han døde i vogna si på ei visitasreise frå Moss til Våler 16/8 1845.

Biletet av  
Biskop  
Sørensen heng  
i sakristiet i  
Kristiansand  
domkyrkje.



I eit brev om biskop Sørenssens slektsregister frå 25/4 1903 fortel Ola J. Grindland m. a. at ein onkel til bestefar hans, Summund som budde på Kvæddan ein gong fekk syskenbarnet sitt, biskop Sørenssen på vitjing. Summund var ein famaelt mann, medan bispen etter O. J. Grindlands oppfatning måtte være en meget livlig herre- en ren modsætning til sin slægtning.

Ved besøget på Kvæddan oppbod bispen al sin kunst for at få samtalens til at gaa med værten, men det var umulig. Summund gjorde sit bedste som vert, fant frem solvstøb og brænderivinsflaske og skjækede sine gjester. Engang Summund som snarest gik ud af stuuen spurgte bispen sin ledsager: «Er han ikke snaksom?»

Ved samme leilighed, tror jeg, viste bispen sig som en raadsnar mand i et lidet knibetag. Det lod til at han havde med sig et eller andet til traktemente.

Ved tillavningen skulle der Edik. Dette stof fandtes selvfølgelig ikke på Kvæddan. Men bispen ordnerte resolut en til at opsege en frodig maurtue og græs saamange som mulig sammen af de små dyr op i lunkent vand som maurene da forvandlede til det stof man mangede.



Biletet er frå eit bryllup i Finsland kyrkje 1898. Bruda er Ingrid Sørensdaatter Røyrvås (1867-1950) og brudgomen er Ole Jensen Hærås (seinare Røyrvås) (1863-1944). Mellom brudeparet og preslen står næraast bruda mor hennar Ingrid Olsdatter Røyrvås, født Apesland (1843-1929) og mor til brudgomen Anna Tollsdaatter Hærås, født Helland (død ca.1900). Presten er Olaf Kristoffer Mjelva som var sokneprest i prestegjeldet i årene 1896-1901. Biletet er utlånt av Olav Hagen.

Det er truleg frå same turen det blir fortald i Finslandsboka *Ætt og gard*:

Då biskop Sørensen i 1812 vitja Kvæddan og Finsland og kom ridande forbi Hønemyrkarten, stanna han sin gangar og ropte til fylgesveinen, Søren Fleskås: «Se disse herligheder».

På den tida var Hønemyrkarten hundrevis av mål med furukraggar som sleit for å overleva, pors og lyng med «fæn» innimellom, ubruukeleg til beite eller noko anna, og verdlaust å sjå til. I mellomkrigstida blei området lagt ut til bureisingsbruk, og det meste er nå dyrka jord.

Bispen måtte vera ein allsidig begavelse.



Frå ein vigsle i kyrkja. Biletet er utlånt av Bibbi Dale.



3 dåpsbarn i kyrkja august 1957. Biletet er utlånt av Bibbi Dale.

# Omkring Finsland kyrkje

## Stadnamn ved kyrkja

Den vesle haugen nord for kyrkja har heitt «Kjørkehaugen» så lenge nokon veit, og lengst sør i Finslandsgarden låg «Kjørketjønn» som siste rest av vatnet som gøynde Finslandsgarden etter istida. Folk som lever i bygda nå minnest at dei fiska store treskoskjebber der. No er «Kjørketjønn» tappa ut og tilgrodd og mest uråd å sjå.

Jordet aust for kyrkja og opp mot fylkesvegen heiter Spanskslåta (Spannslåta). Kristen Lauvland, som skriv 1.bindet av Finslandsboka og kjende til mykje om gamle skikkar og namn, hadde denne forklaringa på namnet Spanskslåta:

«Spanskslåta fortalde at kyrkjefolka gjekk og «Spanske» seg, d.v.s. «kauta seg» eller gjorde seg til. Det var særleg ungdom og karfolk som ville «vise seg fram» når dei var til kyrkja. I gamal tid var preikesundagen den store



Gamalt oversiktsbilete for ny veg og parkeringsplass kom. Biletet er utlånt av Bibbi Dale.

samlingsstunda. For mange var nok den beste stunda før og etter preika i kyrkja.»

Litt opp i skogen ved Espelandsvegen ligg Kortspelarplassen. Soga fortel at på preikesundagane var det nokre av karfolka som sat der og spela kort og samstundes hadde augekontakt med det som skjedde ved kyrkja.

Nordmannsvegen som fører til Finsland kyrkje kryssar Treskobekken i skogen nokre hundre meter sør for kyrkja. Truleg forklarer dette namnet at her brukte kyrkjefolket å skifte fra tresko til finare sko når dei skulle til kyrkje.

## Lensmannssteinen

Lensmannen hadde sin faste plass på ein Stein utanfor kyrkegårdsmuren ved porten. Der står nå den nye opplysningstavla. Etter at gudstenesta var slutt, steig lensmannen opp på steinen og kom med sine lysingar. Han kunne ha mange ting å lysa ut: Innkalling til valmøte og ting, brev frå futen om skatteinnbetaling, om pliktarbeid på vegane, auksjonar og bortsettning av foreldrelause born og sjuke fattiglemer.

Heilt fram til vi i 1870 åra fekk skulehus, var kyrkja det einaste offentlege lokale i bygda. Val på kommunestyre og valmenn for å velje stortingsmenn blei haldne i kyrkja.




Kan dette vera den opprinnelige "lensmannsteinen"?

## Prestevegen frå Bjelland

I gamle dagar kom presten med hest frå prestegarden i Bjelland. Han blei ferja over Mandalselva ved ferjestaden på Mandflå. Så reiste han opp dei bratte Mandflåkleivane og ved Gardstø tok Prestevegen opp dei bratte bakpane til like nord for Øygarden og over heia til Finsland. Prestevegen kom ned den bratte heia ved Ytregarden på Finsland, og så like til kyrkje. Prestevegen var tung å reise og vegstandarden var ikkje god, det var berre så vidt dei kunne riste seg fram med hest og karjol.

Kring århundreskiftet ca. 1900 blei det bygd ny og betre veg frå Bjelland



Dei gamle fergetakstene over elva ved Mannflå.

til Finsland over Kolandsheia. Det seiest at Bjellandspresten var ivrig forkjempar for å få bygd den nye vegen.

## I Neregarden

Kring husa i Neregarden var det folksamt på preikesundagane. Mange av dei som skulle til kyrkje kom tidleg og samlast kring husa i Neregarden. Syklane blei sett tett i tett kring heile huset og nokre blei trilla inn i kjellar og skjol. I Finslandssoga kan ein lesa at prestehesten laut Neregardsbøndene ta seg av når presten var i kyrkja. Dei laut syte for at hesten fekk både stallrom, hoy og vatn. For alt dette fekk dei 5 kroner til året. Både Ola Lie og Olav J. Follerås hadde dette arbeidet.

